

## Retningslinjer for privatistar ved Høgskulen på Vestlandet

Retningslinjene er vedtekne av prorektor for utdanning på vegne av rektor med heimel i Forskrift om studium og eksamen for HVL §5, fastsett av styret ved Høgskulen på Vestlandet (HVL) og i Forskrift om egenbetaling ved universitet og høøgskoler §3-2 tredje ledd, fastsett av Kunnskapsdepartementet 15.12.2006.

### 1. Tilgang til eksamen for privatist

- Fakulteta regulerer tilgang for privatistar for sine respektive emne.
- Det er ikkje høve til melde seg som privatist til enkeltemne som er definert som opne emne.
- Emne med arbeidskrav er berre tilgjengeleg dersom søkjar har bestått gjeldande arbeidskrav tidlegare.
- For å få tilgang til eksamen som privatist må registrering av søknad og betaling av vederlag og semesteravgift vere gjennomført i samsvar med desse retningslinjene. Registrering av søknad etter frist eller betaling av vederlag eller semesteravgift etter frist, vil føre til at søkjaren ikkje får tilgang til eksamen.

### 2. Søknad

- Søknadsfristen for emne i haustsemesteret er 1. juni. Søknadsfrist for emne i vårsemesteret er 1. desember.
- Søknad skal registrerast i HVL sin SøknadsWeb.

### 3. Vederlag

- For å halde eksamen krev HVL følgjande vederlag pr. privatist:
  - o For eksamen i emne opp til og med 10 studiepoeng: kr 3.000,-
  - o For eksamen i emne over 10 studiepoeng og opp til og med 15 studiepoeng: kr 4.000,-
  - o For eksamen i emne over 15 studiepoeng: kr 5.000,-
- I tillegg skal det betalast semesteravgift i samsvar med Forskrift om studentsamskipnader §17.
- Ved nytt eksamensforsøk som følgje av stryk eller ugyldig fråvær må det betalast nytt vederlag.
- Ved nytt eksamensforsøk som følgje av gyldig fråværsgrunn betalast eit vederlag på kr 1.000,-
- Eigenbetalinga frå studenten skal vere på plass innan fristen for oppmelding til eksamen i emnet, som i samsvar med Forskrift om studium og eksamen for HVL §9-5(2) er 1. september for haustsemesteret og 1. februar for vårsemesteret.